

Marit Silje Årnes Husabø

Emne: VS: Båtruter Florø-Bremanger-Måløy
Vedlegg: Båtrute Florø-Bremanger-Måløy.doc

Fra: Teigen Ola <Ola.Teigen@flora.kommune.no>

Sendt: mandag 27. mai 2019 11:31

Til: Dina Lefdal <dina.lefdal@sfj.no>; Noralv Distad <Noralv.Distad@sfj.no>; Helen Hjertaas <Helen.Hjertaas@sfj.no>; Arnstein Menes <Arnstein.Menes@sfj.no>; sigurd.reksnes@sfj.no; Gunn Karin Sande <Gunn.Karin.Sande@sfj.no>; Bjørn Erik Hollevik <Bjorn.Erik.Hollevik@sfj.no>; Harald Bjarte Reite <Harald.Bjarte.Reite@sfj.no>; Gunhild Alis Berge Stang <Gunhild.Berge.Stang@sfj.no>

Kopi: Kristin Maurstad <kristin.maurstad@vagsoy.kommune.no>; Audun Åge Røys (Audun.Age.Roys@bremanger.kommune.no) <Audun.Age.Roys@bremanger.kommune.no>; Heggheim Terje <Terje.Heggheim@kinn.kommune.no>; Sund Rolf Bjarne <RolfBjarne.Sund@kinn.kommune.no>

Emne: Båtruter Florø-Bremanger-Måløy

Til Samferdselutvalet og fylkesutvalet.

Innspel til sak 14-15/2019 i Samferdselsutvalet og sak 53/2019 i Fylkesutvalet.

Vi ber om at politikerane vert opplyst om følgjande skriv.

Med helsing

Ola Teigen
Ordførar Flora kommune

Båtrute Florø, Bremanger, Måløy

Det er i fylkesrådmannen si innstilling til hovudutval for samferdsel sak 14 og 15/2019 foreslått at ein ikkje aukar frekvensen på strekninga Florø-Kalvåg-Måløy, verken frå august 2019, eller frå ny anbudsperiode i 2022. Siste også sak 53/2019 i Fylkesutvalet.

Argumenta til fylkesrådmannen er i hovudsak at det ikkje er trafikkgrunnlag for ei slik rute. Kinn Ap vil minne utvalet på at det er god grunn til å auke frekvensen.

1. Kinn kommune vert etablert frå 1.1. 2020 og det inga offentleg transport frå Florø til Måløy før kl 11.30.
2. Ei arbeidsrute kl 8.30 vil ikkje kunne gje arbeidspendlande eit tilbod, er påstanden frå rådmannen. Dette er sjølvsagt feil. Ei slik rute vil kunne gje 6 timar arbeidsdag i Måløy for reisande både frå Florø og Bremanger, frå 10-16. Sørgåande ekspress til Bergen har avgang frå Måløy kl 16.
3. Etter at morgenvlyet frå Florø flytta første ruta frå 7.00 til 6.20 mista ruta 4600 reisande. Potensialet for vidare korrespondanse er stort, også med buss til Førde/sentralsjukehuset.
4. Båten er i seg sjølv ein god stad å starte arbeidsdagen for dei som brukar telefon/PC/Mac.
5. Sjølv om det ideelt sett hadde vore å foretrekke ein tidlegare avreise frå Florø (8.30), så er tilbodet einaste alternativ.
6. I dokumentet Strategisk plan for kysten har fylkestinget vedteke å styrke kommunikasjonane langs kysten. Byane Florø-Måløy er ein naturleg start på dette arbeidet.
7. På ruta sørover frå Måløy vil reisande kunne nå flyruter på tidleg ettermiddag.
8. Kommunane tek halve rekninga fram til 1.5. 2022 for det som er ei fylkeskommunal oppgåve.

Det er mellom kommunane Flora (12.000 innb), Bremanger (4000 innb) og Vågsøy 6000 (innb) svært dårlege kommunikasjoner. Folketalet, kommunesamanslåing, nærings samarbeid skulle tilseie at det er behov for betre vegar og båtruter. Kinn Ap ber om at fylkeskommunen tek det ansvaret dei har for kollektivtransporten og sørgjer for halve finansieringa til denne ruta før 1.5.2020 og ser til at kysten får eit velfungerande kollektivtilbud i neste anbudsperiode.

Det er ofte slik at ved bygging av nye vegar så reknar ein med trafikkvekst. Vi trur dette er ein effekt vi også vil oppnå til sjøs med litt tilrettelegging oh marknadsføring.

For Kinn Arbeidarparti:

Ola Teigen Tove Lill Refvik Volle